

Lars Nyre. 28. august 2014.

Kursleiar's evaluering av INFOMEVI 173: "Journalistisk mobilapplikasjon"

Kurset vart halde for fyrste gong denne våren, og hadde difor uvegerleg eit visst eksperimentelt preg. Studentane fekk i oppgåve å laga ein applikasjon/webseite som er lokativ, basert på lyd, og journalistisk. Her skulle det brukast verkemiddel frå webradio, podcasting og musikk-streaming (Spotify, WIMP). Lars Nyre var kursleiar, med lydproduksjon ved Stein Unger Hitland og programmering/design ved Eirik Stavelin.

Samla gjennomføring

Studentane skulle laga gruppebasert prototype på ein journalistisk mobilapplikasjon, skriva produksjonsrapport, pluss skriva individuell oppgåve. Dette var for mykje. Både faglærarane og studentane er samde om at kurset har hatt for omfattande arbeidskrav i forhold til sine 10 studiepoeng, og dette må justerast ned i neste års kursversjon. Mot slutten presenterer eg eit løysingsforslag.

Forelesingar og pensum

Lars Nyre haldt ein serie med forelesingar om lydproduksjon og mediedesign, og det verkar som studentane synest dei var verdifulle. Dei klagde meir på den praktiske gjennomføringa enn på teoridimensjonen. Forelesingane var pensumnære, og studentane lykkast med å bruka pensum aktivt i sine eoppgåver.

Dei to utviklingsprosjekta

Studentane vart delt i to grupper med fem og seks deltakarar, og dei lagde redaksjonell plan, speleliste og journalistisk innhald til ca. 30 minuttars "live" oppleving. Her la studentane ned ein stor innsats, og kom langt inn i stoffet. Det vart laga to nye medier:

1. Bybanemedium. Nyheter og aktualitet for deg som sitter på Bybanen til eller fra sentrum. Nyheten er alltid ferdig før du skal gå av, og musikken er tilpasset tid på dag og humør.
2. Bymedium. Du blir geleidet gjennom det historiske sentrum av Bergen, og får dokumentarisk kunnskap om byen – fra både fortid og nåtid. Musikken er tilpasset temaene.

Gruppearbeid er veldig viktig for å kunna laga eit mediedesign av ein viss storleik. Dette var nøye gjennomtenkt på førehand, med utpeikte fagfunksjonar som programmering, lydjournalistikk, musikkprodusent og grafisk designer. Her får studentane utfolda seg med det dei føler seg best i, eller mest interessert i, og dei dreg lasset saman - særleg når det nærmar seg innleveringsfrist.

Gruppearbeidet på dette kurset fungerte fint, og er truleg lagt opp på ein fornuftig måte, så me endrar ingenting på dette punktet. Ein epost frå "Ny i Bergen"-gruppa 12. mai 2014 viser at dei har ei klar ansvarsfordeling, og medvit om sine plikter: "Hei Lars! Ny i Bergen gruppen ligger greit an. Ørjan hadde skype-møte med Kjartan 2. mai hvor vi fikk forklart hva vi trengte hjelp til. Deretter fikk vi et utkast av nettside/app tilsendt av Kjartan. Nå jobber Ørjan og Joakim

med programmeringen. Jeg redigerer lydfilene sammen og legger på effekter og kontentum. Darko jobber med musikken og har laget en logo til appen. Eileen jobber hovedsakelig med rapportskrivningen. Vi har ikke avtalt noe nytt møte med Kjartan enda, da vi må møtes først og samle det vi har så langt. Mvh Mari Anvik Berg".

Lydproduksjon

Evalueringane frå studentane viser at Stein har inspirert dei, og det vart laga til dels gode lydreportasjar. Undervisninga til Stein bør gjerast endå meir sentral neste år, med gjennomhøyring og kritisk vurdering også mot slutten av produksjonsperioden.

Programmering og design

Faglærer for programmering og design, Eirik Stavelin, fekk litt uføresett oppnemnt dato for sin doktorgradsdisputas medan kurset pågjekk. Han fekk disputasdato 8. mai, og måtte trekka seg ut av undervisninga i midten av april. Difor har innsatsen innanfor design og programmering vorte mindre enn planlagt, sjølv om me fekk opp ei "nødløysing" med designer Kjartan Michalsen i Oslo i byrjinga av mai.

Slik eg analyserer arbeidet dette semesteret, så har studentane kome kortare med dei tekniske prototypane enn det som var tenkt ved semesterstart, men dei kan ikkje sjølv lastast for dette. Prosjekta var svært gode, og ville ha vore meir fruktbare hvis me hadde hatt meir tid til å utvikla dei. Så her er det berre å fortsetja neste år, og byggja vidare på erfaringane frå 2014.

Strykprosent og frafall

Kurset hadde 11 studentar, og det var ikkje noko fråfall i løpet av semesteret. Dette er positivt, fordi nye medier-kulla har ein tendens til å skrumpa inn også så seint som i fjerde semester. *Karakterfordeling.* To studentar fekk A, seks fekk B og tre fekk C. Det var som vanleg vanskeleg å gje karakter til kombinasjonen av ei felles praktisk oppgåve og individuelle skriftlege oppgåver. Dei studentane som fekk C vart svært opprørte, og alle bad om grunngjeving. Ein student klagde på karakteren C, men karakteren vart bekrefta av klagekommisjonen.

Framlegg til forbetring

Kurset var fagleg sett ganske vellukka. Studentane engasjerte seg veldig i diskusjon av ulike journalistiske muligheitar, både knytta til tale og musikk, til ulike målgrupper, og med ulike lokasjonar (Bergen, London, Oslo). Målsetjinga om å utforska journalistiske mobilapplikasjonar basert på lyd vert ståande som kurssets hovudpoeng også neste vinter.

Men når det gjeld praktisk gjennomføring trur eg alle er samde om at den konkrete utviklingsprosessen må komma i gang tidlegare, og at den bør køyrast hardare heilt frå start. Kurset bør verta meir straumlinjeforma når det gjeld testing av innhald og design, gjerne med faglærarane som dei fyrste testpersonane.

Kjartan Michalsen anbefaler at undervisninga er knytt til to eller maks tre lydprosjekt som har milepælar utover i semesteret (sjå vedlegg 1). Det er viktig å koma fort igang med ein fungerande "live" applikasjon, og det bør vera krav om testing av GPS i gatene, og usability testing med frivillige. Det journalistiske innhaldet må også prioriterast høgt.

Samstundes er det nødvendig å skjæra ned omfanget av undervisning neste år, slik at det ikkje vert krevd meir innsats enn det som er stipulert for eit 10-poengarskurs. Eg foreslår at eksamenskravet vert endra slik at den teoretiske dimensjonen ved kurset vert borte. Penum vert justert til å bestå av manualar, tutorials og instruksjonsbøker. Då vil eksamenskravet vera:

- 1) Gruppebasert applikasjon med spesifisering, 50 % av karakteren.
- 2) Individuelt *journalistisk* bidrag til applikasjonen, også 50 %.

Det nye består altså i å gjera det obligatorisk å laga eit journalistisk bidrag, og dette erstattar arbeidet (og rettleiinga) knytt til ei teoretisk innleveringsoppgåve. Utifrå tradisjonell medievitenskap er dette muligens radikalt, men når me skal inn i Media City må me også kunna undervisa raskt og effektivt i praktiske utviklingsferdigheiter. Å gjera dette til eit 100 % praktisk kurs er ei interessant utforsking i denne retninga.

Mogeleg team i 2015:

Lars Nyre - kursleiar

Stein Unger Hitland - lydproduksjon, stereo

Kjartan Michalsen - underviser i interaksjonsdesign og web, Oslo. LØNN.

Anna Ofstad - underviser i musikkproduksjon. LØNN.

Vedlegg 1: Epost frå Kjartan Michalsen, 6. mai 2014.

Re: Om kodeeksemplet

Hei! Det er bra å høre at det blir mer relevant for alle. For alle praktiske formål, så ble gårsdagens skype en workshop, hvor jeg sammen med studentene satte sammen grunnappen. Jeg plukket fra de lenkene jeg sendte, og et par andre ressurser, så delte jeg det opp i mindre funksjoner. Dermed var det enkelt å gå igjennom trinn for trinn. Nå skal de nok bruke MANGE timer til på å utvikle det ferdig og lage smartheit i det - men grunnlaget er der. Det er bedre at de får brukt tid på grensesnitt og bruker opplevelse enn å stange mot veggen med programmering. Tenker det er litt det nye medier skal handle om.

Det jeg er spent på, er om de klarer å fordele arbeidet. Jeg snakket med en av de andre på kontoret, og om meg og han skulle gjort det - ca 10 dager arbeid for en første versjon. (Design, grensesnitt og programmering av en app med 10 punkter). De er flere, men jeg er som sagt bekymret over at de ikke har gjort noe av det de synes "er lett".

Om dere til høsten / våren planlegger lignende kurs, kunne jeg godt tenke meg å bidra (om det er rom for det). Det hadde vært spennende å følge studentene hele veien. Både erfaringene fra nå i vår og etter nå å ha undervist på KHIB i et par kurs, begynner jeg å få en ganske konkret idé om hvordan bygge opp et slikt kurs.

I praksis gjøre det jeg gjorde i går, over flere ganger. Slik at de selv lager funksjon for funksjon. Og at for hver funksjon knytte det opp mot nye medier-teori. manovich sin software takes command, sammen med en eller to brukeropplevelsesbøker hadde vært suverent. Og så koblet det opp mot det ditt fagspesiale. Dermed kunne et slikt kurs bli bygd opp som et prosjekt, hvor både domenet lyd og domenet brukeropplevelse på små skjermer kunne vært sentrale deler. Og ved å bygge det som et prosjekt, med milepæler gjennom semesteret, kunne få gi de en smak av hvordan det er i arbeidslivet. Forhåpentligvis ville det å knytte teori opp mot konkrete milepæler gjøre at teorien i enda større grad sitter og relateres.

Takk for at jeg i allefall har fått anledning til å være med nå. Det er faglig kjekt og spennende å jobbe med studenter :)

Kjartan Michalsen"

Vedlegg 2: Komplette svar på studentevalueringa.

1. Fikk du tilstrekkelig informasjon om emne, undervisning, innleveringer og endringer i løpet av semesteret?

X: Vi ble informert i god tid om alt. Det eneste er at alle visste om den individuelle oppgaven, men synes at det kom litt sent i semesteret.

Y: Fikk en god del informasjon tidlig, og all info om undervisning, endringer osv. var tydelig. Informasjon om individuell oppgave kom litt brått på, da den kun ble nevnt tidlig og ikke snakket noe om før litt sent i forhold til hvor mye den utgjorde av karakteren.

Z: Nei. Det ble opplyst greit på forhånd virket det som, men det var mye informasjon som kom ut feil, som endret seg mye i løpet av semesteret og ikke ble opplyst godt nok om, og mye forvirringer rundt ting.

2. Hva synes du om forelesningene (lyd, mediedesign, radiojournalistikk)? Hva vil du trekke fram som bra? Hva kan etter din mening forbedres?

X: Det er alltid underholdende med forelesninger fra Lars Nyre. Jeg vil foretrekke kanskje litt mer visning av nye ideer innenfor lydbaserte og lokasjons media, videoer som viser frem hvordan tenke innovativt eller hva er nytt innenfor de fagområdene.

Y: Jeg synes forelesningene har vært informative og gode.

Z: Det var mye bra forelesninger, men samtidig var det mye som føltes helt urelevant for det vi skulle gjøre i faget.

3. Hva synes du om pensum? Er det typer av faglitteratur du gjerne kunne tenkt deg mer/mindre av? Begrunn.

X: Ingen kommentar.

Y: Pensum har ikke vært likt fordelt mener jeg i forhold til hva vi skulle lære oss for å lage applikasjonen. Det var bla. ikke noe pensum på JavaScript, som var et helt nytt språk vi måtte lære før vi kunne starte å utvikle applikasjonen i det hele tatt.

Z: For mye pensum, brukte det lite!

4. Hva synes du om opplæringen i mikrofonbruk og lydinnspilling?

X: Stein Unger Hitland gir en riktig og god opplæring, det er heller ikke vanskelig kontakte han ved eventuelle spørsmål.

Y: Den var god. Dette er noe vi hadde hatt kurs i tidligere, så en kort oppfrisking var fint.

Z: Bra! Synd vi ikke fikk tatt det mer i bruk.

5. Hva synes du om opplæringen i programmering og design?

X: Dette er noe som bør tenkes på tidligere i studien, kanskje erstatte Java programmering med Java Script programmering.. Jeg vil gjerne se litt mer samspill mellom fagene. Kanskje hvor også oppgavene som skrives omfatter to eller flere fag. Men slik som det er nå, den tekniske opplæringen bør være mer intensiv de første ukene i semesteret, med god oppfølging og veiledning av gruppearbeid senere gjennom semesteret.

Y: Opplæringen i programmering var det jeg mener satte en stopper for oss. Det startet greit med mange workshops hvor vi fikk vite noe om hvilke programmer vi skulle bruke osv. Her fikk vi også hjelp til å laste ned det vi trengte. Alt dette tok mye lenger tid enn planlagt, og det var egentlig nesten ingen opplæring i selve programmeringen. Etter hvert når vi skulle utvikle applikasjonen var det ingen veiledning å få, kommunikasjonen med veileder i en annen by fungerte ikke så veldig bra, og det meste av programmering måtte vi lære ved å google.

Z: Mangelfull. Mesteparten av tiden gikk med på å google ting selv, installere mye tull vi er usikker på om vi brukte osv.

6. Hva synes du om innretningen på de individuelle oppgavene, og veiledningen i forkant av innlevering?

X: Individuell oppgave bør komme i starten av semesteret, samtidig som det jobbes med gruppeoppgave, slik at studentene får riktig veiledning og god tid til å skrive og tenke innovativt.

Y: Alt i forhold til den individuelle oppgaven har fungert veldig fint. Å ha en individuell oppgave i tillegg til gruppeoppgave mener jeg er helt nødvendig. Veiledning i forkant var også nødvendig og hjelp. Oppgaven var veldig fri, noe som kanskje kunne vært strammet inn for å vite mer av hva som kreves, men samtidig var det kjekt å ha så mange valgmuligheter.

Z: Ikke bra nok. Den individuelle oppgaven burde kommet mye tidligere i semesteret, når vi faktisk hadde hatt tid til å skrive den. Oppgaven var diffus og veiledning viste seg å ikke være i stand med karaktersetting.

7. Hva synes du om eksamenskravene? Var de passende i forhold til at dette er et kurs på 10 studiepoeng?

X: Det hadde vært helt greit hvis studentene hadde kjenskap med Java Script og enda mer erfaring med Web design fra før. Kanskje litt for krevende individuell oppgave.

Y: Eksamenskravene var altfor store for et kurs på 10 studiepoeng, i alle fall når mange av kravene er ting vi ikke har lært hverken før eller i løpet av kurset, som programmeringen. En individuell rapport, og en mindre gruppeoppgave hvor man arbeider i ennå mindre grupper, mener jeg ville være mer passende. Å utvikle en applikasjon slik kravet i utgangspunktet var er mer en bacheloroppgave i mine øyne, ikke 10 poeng.

Z: Nei! Faget var jo som vi vet helt nytt og kravene ble firt kraftig ned på. Dette trodde vi ville gjenspeile litt i karakter, i forhold til at de forventet en ikke 100% fungerende applikasjon med godt design osv. Dette viste seg også å ikke samstemme. Her har det vært altfor mye arbeid krevd og for streng vurdering.

8. Helt til slutt: Gi en samlet vurdering av kurset. Dette var første gang kurset ble holdt og din erfaring er svært verdifull. TAKK FOR HJELPEN!

X: Generelt, kurset kan fungere veldig bra hvis det tenkes mindre på hva skal brukes til journalistisk innhold, hvordan dette skal utformes og mer på det tekniske ved programmering og design av et slik produkt. Eller at kurset er mer intensiv i den første måneden slik som nevnt før. At det brukes ikkje lang tid mellom timene med teknisk opplæring, dvs. design og java script opplæring.

Y: Kurset har vært lærerikt og jeg føler det også har kommet mye godt ut av all prøvingen og feilingen. Likevel skulle jeg så klart ønske det hadde vært mer struktur, og at opplæringen i det vi skulle lage var bedre, slik at vi hadde hatt en sjans til å klare å få til mer.

Z: Kurset kan, med mye finpolering, bli et veldig bra og relevant fag til bachelorgraden nye medier. Sånn det var dette semesteret var det ikke godt nok, og ingen kom godt ut av faget, noe som viser seg totalt urettferdig.